



## Saksframlegg

Utval	Utvallasak	Møtedato
Formannskapet	27/22	17.03.2022

### N - Kommunedelplan Treungen sentrum- Rullering - Varsling av planoppstart - Forslag planprogram - Høyring/offentleg ettersyn

**Vedlegg:**

- Forslag til Planprogram
- Utredning Tveitsund bru, Statens vegvesen, dat. 07.12.20.

**Fakta i saka:**

Kommunestyret vedtok i mai 2021 dokumentet *Kommunal planstrategi 2021-2023*. Her blei det m.a. bestemt at kommunedelplanen *Treungen sentrum* skal rullerast. Plan- og bygningslova (pbl) seier at det ved slik rullering må utarbeidast eit planprogram, at forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn, og at endeleg planprogram skal vedtakast av kommunestyret, jf. § 11-13. Plandokumenta til gjeldane kommunedelplan *Treungen sentrum* ligg på lenka under:

[http://webhotel3.gisline.no/Webplan\\_3822/gl\\_planarkiv.aspx?planid=2014005](http://webhotel3.gisline.no/Webplan_3822/gl_planarkiv.aspx?planid=2014005)

Kort fortalt er planprogrammet ein "disposisjon for planen", der det blir lagt føringer/rammer for kva som skal takast opp i planen, og korleis planarbeidet skal gjennomførast. Det er innhaldet i forslaget til planprogram formannskapet skal ta stilling til i denne saka.

Samstundes med at planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn/sendt på høyring, må det også varslast oppstart av sjølve planarbeidet, slik den same lovparagrafen syner. Det vil seie at kommunen innan den fastsette høyningsfristen/innspelsfristen på minimum seks veker, opnar for både høyringssvar til planprogramforslaget, og for innspel direkte til planarbeidet. Fristen for å kome med innspel til planinnhaldet bør derimot setjast noko lenger enn fristen for å uttale seg til planprogrammet, men om det blir gitt ein felles uttale, vil det vere fristen for å uttale seg til planprogrammet som er styrande.

**Vurdering:**

Forslaget til planprogram bør vere sjølvforklarande. Det blir derfor her i saksframstillinga ikkje gitt kommentarar til innhaldet utover at målsetjingane med planrulleringa er samanfatta i punkt 3 i planprogrammet, og slik kan lesast som eit samandrag av planprogrammet.

Det er lagt opp til ein stram framdriftsplan. Det er fordi det er ønskjeleg med ein prosess som fører til endeleg vedtak i 2022. Ein stram framdriftsplan vil også gjere det enklare å halde engasjementet oppe undervegs.

Skal ein kome i mål slik det er lagt opp til, er det sjølv sagt ein føresetnad at det blir sett av tilstrekkeleg med tid og ressursar både i administrasjonen og blant politikarane.

**Kommunedirektørens tilråding:**

Nissedal formannskap legg i medhald av pbl § 11-13 forslag til planprogram for rullering av kommunedelplanen *Treungen sentrum*, slik det går fram av vedlegget til denne saka, ut til offentleg ettersyn, ettersynsperiode 21.03.- 10.05.22. Forslaget blir i medhald av same lovparagraf også sendt på høyring, høyringsfrist 10.05.22.

Samstundes får kommunedirektøren i oppdrag å varsle oppstart av planarbeidet, jf. også her pbl § 11-13, der det i kunngjeringa skal visast til det framlagte forslaget til planprogram.

Frist for å kome med direkte innspel til planinnhaldet blir sett til 15.06.22.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 17.03.2022**

**Behandling:**

Votering: samråystes for kommunedirektøren si tilråding.

**Vedtak:**

Nissedal formannskap legg i medhald av pbl § 11-13 forslag til planprogram for rullering av kommunedelplanen *Treungen sentrum*, slik det går fram av vedlegget til denne saka, ut til offentleg ettersyn, ettersynsperiode 21.03.- 10.05.22. Forslaget blir i medhald av same lovparagraf også sendt på høyring, høyringsfrist 10.05.22.

Samstundes får kommunedirektøren i oppdrag å varsle oppstart av planarbeidet, jf. også her pbl § 11-13, der det i kunngjeringa skal visast til det framlagte forslaget til planprogram.

Frist for å kome med direkte innspel til planinnhaldet blir sett til 15.06.22.